
Saksnr: 2022/16857-35**Saksbehandlar:** Rannveig Berge

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	73/23	12.04.2023

Fråsegn til høring av kommuneplanen sin arealdel 2023 - 2034 - Sunnfjord kommune

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet tykkjer det er positivt og viktig for den heilskapleg utviklinga i Sunnfjord kommune at kommunen får på plass ein arealdel for heile kommunen.
2. Planforslaget inneheld ein stor overkapasitet for bustadar. Fylkesutvalet ber derfor om at bustadreserven vert redusert meir i tråd med venta vekst
3. Ny regional klimaplan har mål og retningslinjer om å unngå utbygging på karbonrike areal for å nå målet om nullutslepp i 2030. Planforslaget opnar for fleire utbyggingsføremål på karbonrike areal. Fylkesutvalet ber difor om at arealføremålet FB1, og vidareføring av fritidsføremåla ved Digernesvatnet/ Brulandsstølane og i Stardalen blir tatt ut for å ivareta karbonrike areal som myr, våtmark og skog.
4. Fylkesutvalet rår til å ta ut bustadføremåla B13, B14, B15, B16, KBA2 av omsyn til trafikktryggleik, mjuke trafikantar og klimaomstilling. Desse er ikkje tilrådd i konsekvensutgreiinga.
5. Fylkesutvalet rår til å ta ut næringsformåla NÆ4 og NÆ9 grunna negative verknadar for friluftsliv, folkehelse og naturmiljø. Alternativ plassering for NÆ8 må greiast ut for å ivareta karbonrike areal i området.
6. Planforslaget opnar for handel med plasskrevjande varer utanfor sentra i strid med regional planføresegn om lokalisering av handel i Sogn og Fjordane. Føresegn 4.3.2. må endrast i tråd med handelsføresegna.
7. Planforslaget er i konflikt med nasjonale og regionale kulturminneverdiar. Vi ber kommunen arbeide vidare med omsynssoner og føresegnar som i større grad tek vare på kulturminne og kulturmiljø.

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 12.04.2023

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Frp, H fram slikt forslag:

«Tillegg – nytt punkt

Fylkesutvalet syner til administrativ uttale av 10.03.23, og opphever dei administrative motsegnene med unntak av motsegnene knytt til kulturminnevern.»

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av Krf, A, Sp fram slikt forslag.

«Alternativt punkt 4

Fylkesutvalet vil peike på målet om desentralisert busetnad i fylket, og vil difor opne for mogelegheita for enkelt tomter rundt i bygdene. Ein bør i størst mogeleg grad unngå nedbygging av dyrka jord. Fylkesutvalet har vidare merka seg den store tomtereserven som planforslaget legg opp til, og bed Sunnfjord kommune sjå på mogelegheita for å redusera denne av omsyn til nedbygging av natur, dyrka mark og grøntområde.»

Knut Inge Andersen (UA) sette fram slikt forslag:

«Alternativt punkt 5

Fylkesutvalet rår til å ta ut næringsformåla NÆ4 og NÆ9 grunna negative verknadar for friluftsliv, folkehelse og naturmiljø. Alternativ plassering for NÆ8 må greiast ut for å ivareta karbonrike areal i området. Vestland fylke varslar motsegn om næringsformålet NÆ9 ikkje vert teke ut av arealplanen grunngjeve med sterke regionale omsyn til jordvern og klima.»

Avrøysting

Søviknes sitt forslag fekk 5 røyster (H, Frp) og fall.

Fylkesdirektøren sitt forslag punkt 1-3 og punkt 7 vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektøren sitt forslag punkt 4 fekk 3 røyster (MDG, SV) og fall.

Brosvik sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (MDG, SV).

Andersen sitt forslag fekk 5 røyster (MDG, UA, SV) og fall.

Fylkesdirektøren sitt forslag punkt 5 vart vedteke mot 1 røyst (1 UA (Morten Klementsén)).

Det vart ikkje røysta over punkt 6.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tykkjer det er positivt og viktig for den heilskapleg utviklinga i Sunnfjord kommune at kommunen får på plass ein arealdel for heile kommunen.
2. Planforslaget inneheld ein stor overkapasitet for bustadar. Fylkesutvalet ber derfor om at bustadreserven vert redusert meir i tråd med venta vekst
3. Ny regional klimaplan har mål og retningslinjer om å unngå utbygging på karbonrike areal for å nå målet om nullutslepp i 2030. Planforslaget opnar for fleire utbyggingsføremål på karbonrike areal. Fylkesutvalet ber difor om at arealføremålet FB1, og vidareføring av fritidsføremåla ved Digernesvatnet/ Brulandsstølane og i Stardalen blir tatt ut for å ivareta karbonrike areal som myr, våtmark og skog.
4. Fylkesutvalet vil peike på målet om desentralisert busetnad i fylket, og vil difor opne for mogelegheita for enkelt tomter rundt i bygdene. Ein bør i størst mogeleg grad unngå nedbygging av dyrka jord. Fylkesutvalet har vidare merka seg den store tomtereserven som planforslaget legg opp til, og bed Sunnfjord kommune sjå på mogelegheita for å redusera denne av omsyn til nedbygging av natur, dyrka mark og grøntområde.
5. Fylkesutvalet rår til å ta ut næringsformåla NÆ4 og NÆ9 grunna negative verknadar for friluftsliv, folkehelse og naturmiljø. Alternativ plassering for NÆ8 må greiast ut for å ivareta karbonrike areal i området.
6. Planforslaget er i konflikt med nasjonale og regionale kulturminneverdiar. Vi ber kommunen arbeide vidare med omsynssoner og føresegnar som i større grad tek vare på kulturminne og kulturmiljø.

Samandrag

Sunnfjord kommune har lagt kommuneplanen sin arealdel på høyring. Kommunen har gjort eit omfattande arbeid med å samanstillе dei fire gjeldande kommuneplanar til ein samla for den samanslåtte kommunen. Planforslaget følgjer generelt opp samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og klimamål, men opnar samtidig for fleire utbyggingsføremål som ikkje er i tråd med dette. Fylkesdirektøren meiner kommunen ikkje tek nok omsyn til kulturminne og

kulturmiljø, retningslinjer i regional klimaplan og regional planføresegn for lokalisering av handel i Sogn og Fjordane og fremjar difor motsegn til planforslaget.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
avdelingsdirektør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Administrativ uttale til høyring av kommuneplanen sin arealdel - Sunnfjord kommune
- 2 Planomtale januar23
- 3 Føresegner januar23
- 4 V10_KU og ROS januar23
- 5 Arealplankart
- 6 Arealrekneskap_Sunnfjord
- 7 Estimert bustadbehov i tettstadane

Saksutgreiing

1. Bakgrunn for saka

Sunnfjord kommune har sendt kommuneplanen sin arealdel på høyring og offentleg ettersyn i perioden 12. januar - 28. februar 2023. Fylkeskommunen fekk ikkje utsett frist til etter møte i fylkesutvalet 12. april, men ei forlenging til 10. mars. 2023. Vi har difor sendt administrativ fråsegn til kommunen innan utsett høyringsfrist. Etter delegeringsreglementet skal framlegg til kommuneplanens arealdel handsamast politisk. Vi legg difor fram saka i etterkant av administrativ fråsegn.

Planprogrammet til arealdelen var på høyring i våren 2022. Måla med planarbeidet er:

- Legge fram ein ny arealplan for heile kommunen.
- Følgje opp mål og visjonar gjeve i samfunnsdelen, og dei føringar som er satt i arealstrategien.
- Ta stilling til om gamle kommunedelplanar bør erstattast/implementerast i kommuneplanen sin arealdel (KPA).
Tilpasse arealbruken til forventna demografisk utvikling i planperioden.
Lage ein plan som er framtidretta og legg til rette for ei berekraftig utvikling av kommunen.
- Kome fram til ein arealplan som reduserer tal dispensasjonar

Vestland fylkeskommune ga fråsegn til oppstart og høyring av planprogrammet i brev av 04.04.2022. Arealdelen vart også drøfta i regionalt planforum 04.10.22. Fylkeskommunen deltok i dialogmøte om arealdelen med Sunnfjord kommune, Statsforvaltaren og NVE 20.03.2023.

Arealdel på høyring er den første arealdelen til Sunnfjord etter samanslåing av dei fire tidlegare kommunane Gaular, Naustdal, Jølster og Førde. Samfunnsdelen til Sunnfjord kommune vart vedteke 17. februar 2022. Samfunnsdelen inneheld arealstrategiar som er koplinga mellom samfunnsdelen og arealdelen, arealstrategiane legg føringar for arealbruken for å sikre at kommunen når dei langsiktige målsetningane dei har sett seg i samfunnsdelen.

Vedtakskompetanse

Etter Reglement for folkevalde organ og delegering pkt. 42 om plan og bygningslova, er det fylkesutvalet som har mynde til å uttale seg om kommuneplanen sin arealdel.

2. Planframlegget

Sunnfjord kommune vil gjennom ei klimavenleg og forsvarleg forvaltning av areala bidra til god folkehelse, gode bu- og oppvekstvilkår og miljøvenleg transport. I arealstrategiane til kommunen er det målsetning om ein arealbruk som bør vere areal- og klimanøytral, og det er utarbeidd strategisk temakart som viser senterstruktur og plassering for arealkrevjande næring.

Sunnfjord har utarbeidd eit omfattande kunnskapsgrunnlag som utgangspunkt for arealdelen med mellom anna arealrekneskap og byutviklingsstrategi for Sunnfjord.

Konsekvensutgreiinga og risiko- og sårbarheitsanalyse omfattar omkring 65 framtidige arealinnspel og skildrar samla verknad for arealbruk med omsyn på utgreiingstema. Det er gjort justeringar og endringar på fleire av områda etter funn i konsekvensutgreiinga. 7 område som ikkje er tilrådd i konsekvensutgreiinga er teke inn ved politiske handsaming.

Medverknad

Kommunen har teke i bruk sosiale media og annonsering i lokalavisa for å oppfordre til engasjement om arealplanlegginga. Det vart gjennomført eit folkemøte i samband med oppstarten av planarbeidet, i tillegg er det gjennomført bygdemøte i høyringsperioden. Silingsprosessen er godt politisk forankra. Kommunen har ikkje gjort greie for om medverknadsprosessen har retta seg særleg mot grupper som krev spesiell tilrettelegging, slik som barn og unge, eldre og menneskjer med funksjonsnedsetjing, slik det vert stilt krav om i plan- og bygningslova §5-1.

3. 0 Vurderingar og verknadar

Fylkeskommunen vurderer kommuneplanen ut i frå mål og strategiar i Utviklingsplan for Vestland, målsettingar i regionale planar, og fylkeskommunen sine sektoransvar, samt uttale gitt til

planprogrammet. I denne saka er særleg Utviklingsplan for Vestland, Regional plan for klima 2022-2035, Regional transportplan for Vestland og Regional handelsføresegn for lokalisering av handel i Sogn og Fjordane relevant.

3.1 Arealrekneskap og arealnøytralitet

Kommunen har mål om at arealbruken i kommunen bør vere klima- og arealnøytral. For å måle om kommunen når dette er det utarbeidd eit arealrekneskap. Arealrekneskapet viser kva arealressursar og arealbruk kommunen har i dag, og korleis arealbruken vil endre seg i lys av høyringsforslaget. Det er ikkje ein standardisert metode for å utarbeide arealrekneskap enda, fylkeskommunen tykkjer det er svært positivt at kommunen har utarbeida sitt første arealrekneskap og deltek i nybrottsarbeidet på dette. Sunnfjord sitt arealrekneskap er basert på tilgjengeleg kunnskap og kapasiteten til å analysere og bruke tala. Arealrekneskapet er utan kartfesta areal, men har oversikt og statistikk over mellom anna arealressursar, naturtypar og særskild viktige artar. I arealrekneskapet peikar kommunen på mange forbedringspotensial for å gjere det til eit betre kunnskapsgrunnlag, og dermed kunne gje det meir nøyaktig i framtida.

Basert på arealrekneskapet har kommunen vurdert om dei oppnår målet om arealnøytralitet. Rekneskapen viser at delen landbruks-, natur- og friluftsområde(LNF) i ny kommuneplan er om lag den same som i gjeldandekommuneplanar. Kommunen meiner difor at dei oppnår arealnøytralitet. Det vert samtidig peika på at kommunen veit i liten grad kva dei grøne areala inneheld, og om dei til dømes tek i bruk meir eller mindre karbonrike areal.

I dei tidlegare kommuneplanane har det lege inne mykje utbyggingsareal. I arbeidet med arealdelen er urealisterte føremål i gjeldande planar gjennomgått. Ein del er teke ut, andre er tilpassa og justert og nye er lagt til. Kommunen har også estimert bustadbehovet og bustadreserve i gjeldande reguleringsplanar for planperioden 2023-2034. Gjennomgangen viser at kommunen har ein stor bustadreserve. I Førde ligg det inne ein bustadreserve på 1225 i gjeldande reguleringsplanar mot eit estimert behov på 357. I Naustdal er det ein bustadreserve på 185 einingar mot eit estimert behov på 0 (-2). Medan i Sande er det eit estimert bustadbehov på 22 einingar, og ein reserve på 90. Det estimerte tal for bustadreserve inkluderer ikkje bustadar i sentrumsføremåla. Planforslaget opnar for ytterlegare 830 nye einingar.

Det er ikkje gjort greie for utbyggingsreserve for fritidsbustadar i gjeldande kommuneplanar, eller behov for nye næringsareal i planperioden.

Størsteparten av dei nye utbyggingsføremåla inneber nedbygging av natur, dyrka mark og grøntområde. I praksis vil kommunen kunne halde fram med ei stor utbygging og nedbygging av naturområde i planperioden samtidig som ein kallar seg arealnøytral. Utviklingsplan for Vestland har mål at klima og miljø skal vere premis for samfunnsutviklinga, og regional klimaplan følgjer vidare opp dette med retningslinjer for planlegging. Også i tråd med målsetninga om å ha ein klima- og arealnøytral arealbruk burde kommunen hatt eit sterkare fokus på varsam arealutnytting ved å unngå nedbygging av natur, gjenbruke allereie utbygde areal og planlegge meir i tråd med venta behov.

Gjennom planarbeidet har kommunen hatt ein gjennomgang av eldre reguleringsplanar og urealiserte føremål i gjeldande kommuneplanar. Om lag 40 delområde frå gjeldande kommunedelplanar vert ikkje vidareført, medan 10 reguleringsplanar vert tilbakeført som LNF-område. Likevel kjem det ikkje fram kva eldre planar eller urealiserte føremål i gjeldande kommuneplanar som er vurdert eller korleis. Fylkeskommunen meiner det er fleire føremåla som strider mot regionale og nasjonal føringar mellom anna innan jordvern og ivaretaking av karbonrike areal.

3.2. Klima og miljø

Regional plan for klima 2022- 2035 med retningslinjer gjer vidare greie for korleis vi skal redusere klimagassutslepp, tilpasse oss klimaendringane og sikre naturmangfald for å redusere klimarisiko. Retningslinjene skal leggest til grunn for kommunane i planlegginga si. For å sikre naturmangfald trekk vi særskilt fram retningslinje 17: «Vi bør unngå utbygging på karbonrike areal, som myr, våtmark og skog. Om tilstrekkelege kartleggingar ikkje er gjort skal føre-var-prinsippet leggest til grunn (jf. Naturmangfaldlova §9)». Ivaretaking av økosystem er den mest effektive og billigaste løysinga for å lagre og auke opptaket av karbon, og er såleis sentralt for at vi skal nå mål om nullutslepp innan 2030. Nedbygging og omdisponering av myr, som inneheld store lager av

karbon, fører til utslepp av store mengder klimagassutslepp og svekker framtidig opptak av karbon på arealet. Myr bidreg også mange stader med viktig drenering ved kraftig nedbør, dempar flaumtoppar, og er levestad for mange artar.

I planforslaget er det lagt omsynssone for myrområde som inkluderer ei buffersone rundt myrane, dette er i tråd med regional klimaplan med mål om ivaretaking av karbonrike areal. Likevel er fleire utbyggingsføremål lagt på myrområde, der omsynssona naturleg ville lagt.

Fylkeskommunen tykkjer det er positivt at kommunen vil sikre samanhengande grøntdrag, økologiske funksjonsområde og blågrøne kvalitetar vidare i reguleringsplanar. For at artar og naturtypar som er trua av klimaendringar skal klare å tilpasse seg er det naudsynt å sikre varierte og tilstrekkeleg store samanhengande naturområde. Høyringsforslaget inneheld også føresegnar om å gjere greie for tiltak for å minimere energibruk og klimagassutslepp i reguleringsplanar. Fylkesdirektøren rår til å nytte føresegnene til å setje meir forpliktande tiltak, som dermed fører til tiltak. Det vil bidra til å både kommunale og regionale klimamål.

3.3 Samordna bustad-, areal og transportplanlegging

Planforslaget følgjer overordna opp regionale og nasjonale målsetningar om samordna bustad, areal- og transportplanlegging. Hovudtyngda av nye føremål skjer i kommunesenteret Førde, lokalsentra Sande, Naustdal, Vassenden og Skei, samt utvalde nærsenter. Prioritering av utbyggingsområde som ligg tett på eksisterande sentrum og knutepunkt bidreg til å redusere transportbehovet, støtte opp under kollektivtilbodet, og sikre trygg og attraktiv infrastruktur for mjuke trafikantar. Etablering av gang- sykkeltilbod er ressurskrevjande i område med spreidd busetnad og eit slikt busettingsmønster gjer det vanskelegare for dei miljøvennlege reisealternativa å konkurrere med privatbilen.

Planforslaget opnar samstundes opp for å etablere mindre bustadfelt og næringsområde andre stader i kommunen. I føresegna kapittel 8 er det fleire punkt som ikkje er i samsvar med vektlegginga av arealutviklinga elles. I punkt 3 står det: *«Kommunen skal gjennom bruk av LNF-spreidd bygging, ta heile kommunen i bruk. Om tilhøva ligg til rette for det, og det ikkje har kjende konsekvensar for landbrukets ressursgrunnlag og eller er i strid med Jordlova, skal ein kunne dele frå einskilttomter på gardsbruk, utan å søke dispensasjon. Naudsynte føresegnar/ normer skal utarbeidast.»* Vidare er punkt 15: *«Tomter/bustader skal lokalisert nær eksisterande busetnad og ikkje lenger frå offentleg veg enn 100 m.»* stroken i samband med politisk handsaming av høyringsutkastet. Desse forslaga strider med satsinga på ein utbyggingsstruktur i tråd med samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og regional transportplan for Vestland med mål om eit transportsystem som legg til rette for klima og miljøvenleg mobilitet. Vi rår derfor kommunen sterkt til å endre formuleringane i punkt 3, samt å la punkt 15 framleis vere gjeldande. Dersom endringane vert ståande risikerer kommunen ei utvikling av område med stor avstand til viktige tenester og aktivitetar, som igjen kan auke behovet for skuleskyss og gjere kommunale tenester og beredskap meir ressurskrevjande. Det vil òg gjere det vanskeleg å etablere eit marknadsgrunnlag for kollektivtilbod, opprette trygge løysingar for mjuke trafikantar og tilgjengelege møteplassar når busetnaden blir for spreidd.

Samla sett legg planforslaget opp til betydeleg bustadreserve, som vil ha ein kapasitet langt over den høgaste folketalsframskrivinga for kommunen. Totalt vert det lagt til ein ny/ endra bustadkapasitet på 830 einingar, der størstedelen inneber nedbygging av landbruksareal og natur. Dette gjenspeglar i mindre grad målsettinga i kommunen om å ha ein klima- og arealnøytral arealbruk. Fylkeskommunen vil sterkt tilrå å redusere bustadreserven og planlegge meir i tråd med venta vekst og behov i planperioden.

Planforslaget har teke inn fleire bustadområde som ikkje er tilrådd i konsekvensutgreiinga, mellom anna grunna negative verknadar for trafikktryggleik, mjuke trafikantar og avstand til busstilbod. Fleire av desse bustadfelta har mange einingar, og bidreg såleis mykje til overkapasiteten for bustadar som er lagt inn i planforslaget. Vi rår til at føremåla B13 (Brattebergkvia), B14 (Vie) og KBA2 (Ytre Øyrane) i Førde, samt B15 (Hamrane)på Skei og B16 (Grimsetmarka) i Naustdal vert teke ut av arealdelen.

Nærmare om B13, Brattebergkvia:

Arealet ligg i eit område som er delvis utbygd, og hensikta er å leggje til rette for 120 tomter (særleg einbustader) nær Førde sentrum. Vi har forståing for behovet for fleire einbustader, men vurderer

tilrettelegging av trygge og attraktive løysingar for mjuke trafikantar som svært krevjande. Eit godt tilrettelagt gang- sykkeltilbod må vurderast som særskilt viktig når bustadane i stor grad er tiltenkt barnefamiljar. Vidare vil det vere krevjande å etablere eit funksjonelt kollektivtilbod i området, då vegsystemet er smalt og her er mange blindveggar i dei nærliggande bustadområda. Dersom det skal skje ein vidare utvikling her vil det vere behov for å utbetre nærliggande vegnett, mellom anna for å sikre framkome for buss og trygg skuleveg. Utan god tilrettelegging for kollektivtransport og mjuke trafikantar vil området i stor grad verte bilbasert.

Nærare om Ytre Øyrane KBA2

Det er vedteke ein områderegeringsplan for Ytre Øyrane, og transformasjon av området er ein pågåande diskusjon. Området må sjåast i ein heilskap, mellom anna for å sikre etablering av hensiktsmessige vegtilkomst og ferdselsårar for alle trafikantgrupper. Utvikling av Førde vil vere tent med at med ein «innanfrå- og ut» utvikling, og etablering av ein bustadblokk med 320 einingar ytst på Ytre Øyrane vil vere i strid med dette.

Nærare om B14 Vie:

Området som er tiltenkt bustadbygging er lite, men her er det ein viktig snarveg og buffersone/friareal som ved utbygging vil forringe tilkomst til mellom anna barnehage og friluftsområdet. I bustadområda omkring er det i liten grad lagt til rette for mjuke trafikantar og det gjer at denne snarvegen har ein viktig funksjon, særleg for barn og unge. Ein utbygging her vil medføre ny avkøyrsløse og meir trafikk i eit område med mange barnefamiljar, og bør difor ikkje regulerast som bustadføre mål.

Nærmare om B15, Hamrane:

Ein mindre del av arealinnspelet SK_3 er tilrådd teke inn i arealdel i konsekvensutgreiing, men heile B15 er lagt inn ved politisk handsaming. Konsekvensutgreiinga tilseier at arealet ikkje kan byggast ut som bustadføre mål utan at større risikoreduserande tiltak vert etablert. Regional plan for klima 2022- 2035 har som mål om eit trygt og robust Vestland. I det ligg det å ikkje bygge inn ny sårbarheit i samfunnet. Sjølv om ein kan sikre bustadfeltet med tiltak, vil desse tiltaka mest truleg medføre auka klimagassutslepp. Det er uheldig å setje av areal til bustad som ein veit må ha risikoreduserande tiltak, dette bidreg ikkje til ei berekraftig klimaomstilling.

Nærare om Grimsetmarka (Naustdal), B16

Naustdal er eit sentrumsområde med spreidd busetting der bustadområde og viktige målpunkt som skule og butikk ligg på kvar sin side av elva Nausta. Avstand til busstilbod og manglande g/s-veg gjer at dei fleste reisene vil skje med bil. Både avstand, utfordringar med kapasitet på veg og i kryss til hovudveg, samt manglande infrastruktur for mjuke trafikantar gjer at det ikkje vil vere riktig å gå vidare med utvikling av dette området.

Ein liten del av B16 er også omfatta av omsynssona H590_3. Omsynssona viser mineralførekomsten Naustdal rutil/eklogittførekomst. Det bør søkjast å unngå at Naustdalførekomsten vert ytterlegare nedbygd, slik den vil bli med eit framtidig bustadområde B16.

3.3 Stadutvikling og sentrumsavgrensing

Ein føresetnad for at senter skal fungere optimalt er at flest moglege funksjonar og tilbod er lokalisert innanfor ein gangbar kjerne, dette vil revitalisere og styrke stadane som viktige møteplassar for befolkninga, handel og kulturaktivitet. I vår fråsegn til varsel om oppstart og høyring av planprogrammet til arealdelen bad vi om at sentrumsområda vart avgrensa, jamfør 1.3 i Regional planføresegn om lokalisering av handel i Sogn og Fjordane. Planforslaget klargjer ikkje tilhøve til handelsføresegn eller om sentrumsføre måla som er lagt på tettstadane er sentrumsavgrensinga, og administrasjonen fremja difor motsegn til manglande sentrumsavgrensing. I dialogmøte med Sunnfjord 20.03.2023 fekk vi forståing for at vist sentrumsføre mål for stadane er meint som sentrumsavgrensing.

Plasskrevjande varer

Handelsføresegna opnar for at plasskrevjande varer kan plasserast til område i direkte tilknytning til sentrum, dersom det ikkje er tilstrekkeleg eller eigna plass i sentrumsområde. Området må vere lett tilgjengeleg med bil, kollektivtransport, sykkel og gange.

Føresegn 4.3.2 innan sentrumsføre mål i planforslaget seier at «Arealkategorien sentrumsføre mål omfattar ikkje funksjonar/aktivitetar som industri, godsterminal, lager,

bensinstasjon/vegserviceanlegg, bilbutikker og verkstad, storhandelkonsept med plasskrevjande varer og store parkeringsflater på bakkeplan». Føreregnene opnar såleis for at plasskrevjande varer skal plasserast utanfor sentrumsføremåla. Dette er ikkje i tråd med Regional handelsføreregn om at all handel som hovudregel skal plasserast innanfor sentrumsavgrensinga. Det vart fremja administrativ motsegn til føreregn 4.3.2 og plassering av plasskrevjande varer utanfor sentrum i administrativ fråsegn av 10.03.23. Vi krev at føreregnene vert endra i tråd med Regional planføreregn om lokalisering av handel i Sogn og Fjordane.

Kombinererte bygge- og anleggsføremål

Enkelte av dei kombinerte føremåla er lagt utanfor sentrumsavgrensinga. Plasskrevjande varer kan i utgangspunktet ikkje plasserast utanfor sentrumsavgrensinga jamfør Regional planføreregn for lokalisering av handel 1.3. Føreregnene for kombinerte bygg- og anleggsføremål som ligg utanfor sentrumsavgrensinga må difor presisere at forretning ikkje er tillate. Dette gjeld til dømes for KBA1 ved Sande. Områdereguleringsplanen for Sande som er i prosess omfattar dette arealet, området er ikkje konsekvensutgreidd i samband med reguleringsplanen.

3.5 Arealutnytting

I Førde sentrum er det sett krav om minimumsbyggjehøgde på 4 etasjar. For Sentrum Pluss og innanfor sentrumsføremåla i lokalsentra Naustdal, Sande, Skei og Vassenden skal byggjehøgda vere minimum 2 etasjar. Vi stiller spørsmål til minimumshøgda for Sentrum Pluss på 2 etasjar, området er tett på sentrum og kollektivterminal noko som gjev grunn for ei høgare arealutnytting. Retningslinjer for arealbruk i strategi for tettstadutvikling og senterstruktur seier at sentrum bør ha høg arealutnytting rundt kollektivknutepunkt. Vi ber for om at kommunen vurderer ei høgare minimum byggjehøgde enn det som er føreslege i føreregnene.

3.6 Infrastruktur og veg

Kommunen må sikre framkomst og trafikktryggleik langs fylkesvegane og at det vert lagt vekt på ei berekraftig og miljøvenleg transportutvikling. Omsynet til trafikktryggleik for alle trafikantgrupper må ha eit sterkt fokus og det må leggest opp til at spesielt barn og unge opplever at dei kan ta seg fram trygt og raskt, utan å bli køyrd med bil. Lokalisering av nye bustad- og næringsområde, og utviding av eksisterande, har stor innverknad på mobilitet og korleis folk reiser. Vidare utbygging bør difor skje knytt til eksisterande infrastruktur eller stille krav om etablering av god infrastruktur og trafikksikre løysingar slik at fleire vil velje gange/sykkel eller kollektiv framfor bilkøyring. I denne samanheng er det naturleg at kommuneplanen viser til, og nyttar, Sunnfjord kommune sin «Trafikktryggingplan».

Føreregnene må ha tydelege rekkjefølgjekrav som sikrar nødvendig infrastruktur, trafikksikre løysingar for alle trafikantgrupper og som bidreg til redusert bruk av bil ved etableringar i nye eller fortetting av eksisterande område, og at det blir lagt til rette for sikker skuleveg.

Pkt. 4.2.4 og 4.2.5 i føreregnene bør vise til N100 Veg- og gateutforming sidan denne gjeld for all offentleg veg. Det bør komme klarare fram i føreregnene at tilkomst må vere utført i samsvar med N100 ved etablering av nye, og utviding av eksisterande, bustad- og næringsområde knytt til fylkesveg.

Arealdelen legg opp til meir bustadbygging på Vie i B3 og B4. Trafikken i krysset mellom fv. 601 og den kommunale Vievegen er allereie stor, og ved vidare utbygging i området vil denne vert endå større. Vestland fylkeskommune meiner difor at krysset må utbetrast før det vert opna for meir utbygging og vil stille krav om dette ved vidare utbygging. Eit tilsvarande krav kan også vere aktuelt for andre utbyggingsområde.

3.7 Næringsareal

Kommunen har i arealstrategiane i samfunnsdelen peika ut område for arealkrevjande næring, desse er Sande, Førde, Moskog og Skei. Nye næringsområde skal lokaliserast på desse stadane. Planforslaget opnar for eit større næringsområde (NÆ4) ved Kårstad, berre ein liten del av arealet er anbefalt teke inn gjennom konsekvensutgreiinga. Arealet ligg ikkje innanfor områda som er peika ut for arealkrevjande næring i arealstrategiane. Området er ubyggt i dag og består av skog og myr, i tillegg er det friluftsbustadar i nærleiken som vil bli negativt påverka av utviding av næringsarealet.

NÆ8 ligg ved Moskog. Arealinnspelet er justert for å unngå å bygge ned vassdraget med tilhøyrande kvalitetar. I KU'en står det at området ikkje bør takast i bruk før næringsarealet på nordsida av fv.

613 i stor grad er utbygd. Området er ikkje nedbygd og består i dag av skog, myr og open fastmark. Retningslinje 17 i regional plan for klima slår fast at vi bør unngå nedbygging av karbonrike areal, som myr, våtmark og skog. Sjølv om arealet ligg innafor prioritert område for arealkrevjande næring i arealstrategiane, bør kommunen vurdere fleire alternativ i området rundt for å finne kva som har minst negative konsekvensar.

NÆ9, Åland ligg inne som eksisterande og framtidig næringsareal i gjeldande arealdel. Området er i konsekvensutgreiinga ikkje tilrådd, men teke inn etter politisk handsaming. Næringsarealet ligg heilt opptil eksisterande bustadareal og naturområde kring Fuglevatn, området består også av fulldyrka jord. Vi tilrår å ta NÆ9 ut av arealdelen, og sikre ei buffersone mellom bustadfelt og eksisterande næring og ivaretaking av jordbruksarealet.

3.8 Jordvern

Det er positivt at kommunen i samband med utarbeiding av KPA har oppdatert kjerneområde landbruk som grunnlag for vurderingar av arealbruk. Det er også henta inn landbruksfagleg uttale i utarbeidinga av konsekvensutgreiinga. Planforslaget tek ut ein del område frå gjeldande planar for å unngå omdisponering av fulldyrka jord, men nokre nye vert lagt til. Vi saknar ei oversikt i arealrekneskapet som viser det totale arealet dyrka mark planforslaget omdisponerer for kunne gjere greie for om kommunen følgjer opp regionale og nasjonale jordvernmål.

3.9 Vassforvaltning

Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta. Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 fastset miljømål og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Godkjent regional plan for vassforvaltning skal leggjast til grunn for regionale organ si verksemd, og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, jf. vassforskrifta § 29 og plan- og bygningslova § 8-2. Planen er nemnt i kapittel 3.7.1 og kapittel 4.2 i planomtalen. Ut i frå at andre planar er nemnt med periode under 4.2, bør også vassforvaltningsplanen stå med planperiode her.

Byggjegrænse langs vassdrag og strandsone vil bidra til å redusere påverknad på vassførekomstane frå ny arealbruk. I konsekvensutgreiinga står det at det er lagt opp til differensierte grenser langs større vassdrag. I planomtalen side 34 står det at det i plankartet er vist ei byggjegrænse på 50 meter til vassdrag, og 20 meter til mindre elvar og bekkar. I føresegnene kapittel 9.2 er det derimot sett ei byggjegrænse på 25 meter for enkelte vassdrag, og 20 meter for andre vassdrag. Det bør vurderast om Redalselva, som har elvemusling, bør ha like stor omsynssone som dei større laksevassdraga, og det må gå klart fram om det er 50 eller 25 meter som gjeld. I tillegg bør det vurderast om 25 meter er nok til å sikre vassdraga frå ytre påverknadar.

Under punkt 1 i kapittel 9.7 Naturområde (vassmiljø) i føresegnene står det at for alle vassførekomstar innanfor områda avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande byggjegrænse, skal nye tiltak og inngrep vurderast i samsvar med vassforskrifta kapittel 2. Vi gjer merksam på at ei slik vurdering gjeld for alle vassførekomstar, og ikkje berre dette eine arealføremålet. Døme på ei føresegn til miljømål etter vassforskrifta kan vere: Ny arealbruk skal ikkje gjere tilstanden av vassførekomstar (elvar, innsjøar, kystvatn, grunnvatn) verre. Der det er mogleg skal nye bygg og ny arealbruk bidra til at miljømål vert nådd.

Vi viser elles til at kommunane skal ivareta omsynet til drikkevatt i arealdelen til kommuneplanar, ved å setje av omsynssoner med tilhøyrande planavgjerder. Dette er omtala under Nasjonale føringar og presiseringar i godkjenningsdokumentet til vassforvaltningsplanen (side 31.)

3.10 Fritidsbustadar

Planforslaget legg opp til fire nye utbyggingsområde for fritidsbustadar, som er estimert til 62 tomter. Fleire framtidige fritidsbustadar er også vidareført frå gjeldande kommuneplanar, og det er ikkje gjort greie for arealreserven for fritidsbustadar i gjeldande planar eller korleis behovet for nye er vurdert utifrå eksisterande reserve. Vi ber derfor kommunen vurdere om desse er i tråd med nye kommunale, regionale og nasjonale mål og føringar. Vi har særskilt merknadar til nokre fritidsføremål nedanfor.

Fleire av fritidsbustadane er lokalisert innanfor eller tett opp til kartlagde friluftslivsområde. At det etablerast eit hyttefelt i utkanten av eit kartlagd friluftsområde vil ikkje nødvendigvis føre til at friluftsområdet får ein forringa verdi. Ein del av hyttefeltet i planen ligg imidlertidig spreidd og i

område kor det ikkje er hytter eller infrastruktur i frå før. Desse felta vil dermed føre til ei fragmentering og nedbygging av natur og friluftsområde som i dag er meir eller mindre frie for inngrep. Nokre av områda ligg også innanfor myr og våtmark som skal ha eit særleg omsyn grunna deira økologiske funksjonar mellom anna som karbonlager, flaumdempar og levestad for mange artar. Intakt natur og landskap er for mange ein viktig faktor for friluftslivet og naturopplevinga. Ved å i større grad konsentrere hytteutbygginga til område kor det allereie er eksisterande hytter vil arealbruken reduserast og natur- og friluftslivsområda i større grad kunne ivaretakast.

FB1, Vetteiene

FB1 er eit framtidig fritidsbustad i gjeldande plan som er justert og endra i høyringsforslaget. Området er ein del av eit naturområde med urørt furuskog og myr. Området ligg sørvest for Nydalsvegen, der området ikkje er bygd ned. Omsynssone myr er tydeleg endra for å unngå konflikt med utbyggingsføremålet. I fråsegn til oppstart av arealdelen rådde vi til å ivareta karbonrike areal i tråd med regional klimaplan om å sikre naturmangfald som er viktig for å redusere klimarisiko, og statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing som peikar på viktigeita av å ta vare på økosystem som har betydning for klimatilpassing.

Den føreslegne arealbruken i FB1 vil redusere myra sine økologiske funksjonar både i og utanfor arealføremålet FB1. Området er truleg allereie påverka negativ av vegen som går gjennom myr, men det nye utbyggingsføremåla vil gje ytterlegare negative påverknad på attverande myr og funksjonane den har. Det er ikkje vurdert alternativ plassering på andre sida av vegen, i området som alt er bygd ned. Retningslinjer for arealbruk i Regional plan for klima nr. 17 seier at vi bør unngå å bygge ned karbonrike areal, som myr, våtmark og skog. Om tilstrekkelege kartleggingar ikkje er gjort skal føre- var- prinsippet leggest til grunn. **Fylkeskommunen fremja administrativ motsegn til arealføremålet FB1 då det fører til nedbygging av eit større karbonrikt område og strir såleis mot retningslinje 17 i regional plan for klima i adminstrativ fråsegn 10.3.23.** Vi stiller vidare spørsmål om arealføremålet følgjer opp kommunen sine eigne målsetjingar om ivaretaking av natur med viktige økosystemfunksjonar og arbeidet med omsynssone myr.




Utklipp frå kommunekart. FB1, framtidig fritidsbustar. Omsynssone myr er trekt utanfor arealføremålet FB1.

Fritidsbustadar ved Digernesvatnet/ Brulandsstølane

Sør aust for Brulandsstølane er vidareført eit framtidig fritidsbustadområde. Området ligg ikkje i tilknytning til eksisterande infrastruktur og er ein del av eit stort myrområde. Omsynssone myr omkransar området i planforslaget. Det er ikkje gjort konsekvensutgreiing av området i samband med høyringsforslaget, og vi kan ikkje sjå at det er grunngeve kvifor dette området vert vidareført. Ei eventuell utbygging vil øydelegge myra sine økologiske funksjonar, både innanfor sjølve føremålet og utover i omsynssona. Retningslinje 17 i Regional plan for klima 2022- 2035 seier «Vi bør unngå utbygging på karbonrike areal, som myr, våtmark og skog. Om tilstrekkelege kartleggingar ikkje er gjort skal føre-var-prinsippet leggest til grunn (jf. Naturmangfaldlova §9)». **Dette framtidige**

fritidsbustadområdet er ikkje i tråd med retningslinjer 17 i regional klimaplan, fylkeskommunen fremja difor administrativ motsegn til arealføremålet.



Utklipp frå kommunekart. Framtidig fritidsbustadar ved Digernesvatnet/Brulandsstølane, omsynssone naturmiljø myr er trekt utanfor FB- føremålet.

Fritidsbustadar i Stardalen

I Stardalen er det vidareført fritidsbustadar, som ikkje er regulert eller realisert. Nordaust for området er det lagt omsynssone myr. Området som er avsett til fritidsbustadar består av våtmarksområde og myr. Det er ikkje gjort konsekvensutgreiing av området i samband med høyringsforslaget, og vi kan ikkje sjå at det er grunngjeve kvifor dette området vert vidareført. Ei eventuell utbygging vil øydelegge myra sine økologiske funksjonar, innanfor sjølve området for fritidsbustadar og utover i omsynssona. Retningslinje 17 i Regional plan for klima 2022- 2035 seier «Vi bør unngå utbygging på karbonrike areal, som myr, våtmark og skog. Om tilstrekkelege kartleggingar ikkje er gjort skal førevar-prinsippet leggast til grunn (jf. Naturmangfaldlova §9)». **Dette framtidige fritidsbustadområdet er ikkje i tråd med retningslinjer 17 i regional klimaplan, fylkeskommunen fremja difor administrativ motsegn til arealføremålet.**



Fritidsbustadar i Stardalen, omsynssone naturmiljø myr ligg nordaust for fritidsføremålet.

3. 11 Fysisk aktivitet og inkludering

Forslaget til kommuneplanens arealdel synest i hovudsak å ivareta friluftsliv og folkehelse på ein

tilfredsstillande måte.

Sunnfjord er ein stor kommune med mange moglegheiter for å drive med eit variert friluftsliv. Kommuneplanen tek i stor grad omsyn til desse moglegheitene. Vi har likevel nokre innspel til korleis planen i enda større grad kan ivareta område som er viktig for friluftsliv, og bidra til meir friluftsliv og fysisk aktivitet.

Parkering og tilkomst er ofte utfordringar for dei som oppsøker friluftsområde som ikkje ligg i nærleik til eigen bustad eller hytte. Ved å i større grad samlokalisera nye område for fritidsbustader vil det vere enklare å legge til rette for (og stille krav om) tilrettelegging og infrastruktur knytt til eit allment friluftsliv. Døme på slik tilrettelegging vil t.d. vere utfartsparkering, skilting av turruter og etablering av innfallsportar til friluftsområde.

Nokre av bustadfelt ligg tett på og innanfor kartlagde friluftsområde. Sjølv om nokre av feltene er i utkanten av friluftsområde, kan dei vere viktige innfallsportar. Vi ber derfor om at ein sikrar eksisterande stiar og tilkomst til friluftsområde som friområde/turdrag.

Utviding av golfbana ved Vassenden er eit anna døme på eit arealføremål som er lokalisert i eit område kartlagt som svært viktig friluftslivsområde. Utvidinga av golfbana vil ikkje nødvendigvis vere negativt for verdien av friluftslivsområdet og vil i eit folkehelseperspektiv kunne vere positivt om fleire held seg i aktivitet gjennom golfing. Det er likevel viktig at det ved utviding av golfbana takast omsyn til eksisterande friluftsbruk, dette kunne gjerne og vore omtala i føresegnene under kap. 4.9 og Idrettsanlegg.

3.12 Kulturminne og kulturmiljø

Vestland fylkeskommune legg til grunn at planforslaget ikkje er godt nok utarbeidd for å sikre kulturminneinteressene i planområdet. Dette kan gje negativ innverknad på nasjonale og regionale kulturminneinteresser.

Med heimel i plan- og bygningslova §5-4 fremja Vestland fylkeskommune administrativ motsegn til høyringsforslaget til kommuneplanen sin arealdel. Motsegna er knytt til vesentleg negativ verknad for myndeområde som fylkeskommunen skal ivareta

Motsegnspunkta er følgjande:

1. Delar av føresegna knytt til automatisk freda kulturminne, bandleggingssone H730, må endrast.
Motsegna fell bort dersom teksten knytt til vegetasjonspleie og plogdjupne blir tatt ut.
2. Føresegner knytt til mellomalderkyrkjestadane må innarbeidast i planføresegna.
Motsegna fell bort om forslag til føresegn vert innarbeidd.
3. Vevring kyrkje som er listeført og som står på automatisk freda mellomaldergrunn er ikkje godt nok ivaretatt i planen. Framtidig bustadområde B kjem for nært opp til kyrkja i tillegg til at arealføremålet kjem i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne id 294311.
Motsegna blir trekt dersom nytt bustadområde B blir trekt mot vest slik at arealføremålet ikkje er i konflikt med automatisk freda kulturminne id 294311 og siktlinene til Vevring kyrkje mot Førdefjorden er ivaretatt betre i planen.
4. Arealføremålet der det automatisk freda båtstøanlegget id 112430 i Naustdal ligg, samsvarar ikkje med vern.
Motsegna fell bort når arealføremålet samsvarar med vern.
5. Utviding av Vie sandtak mot nordvest er i konflikt med automatisk freda kulturminne.
Motsegna fell bort dersom kommunen opprettheld næringsarealet i gjeldande KPA.
6. Nytt bustadareal B3 på Vie kjem for tett opp til Vie mellomalderkyrkjestad id 6331 som er automatisk freda. Vi er ikkje samd i KU-en som vurderer at kulturminne, -miljø og -landskap får liten/ubetydeleg konsekvens.
Motsegna fell bort dersom bustadarealet B3 blir trekt lenger mot nord slik at bustadarealet ligg på eit lågare terrengnivå og såleis ikkje kjem i konflikt med siktlinene til mellomalderkyrkjegrunnen, eller at det vert lagt inn i føresegnene at gesimshøgda ikkje skal overstige eksisterande bygningar.
7. Bygningane i Midttunet i Jølster, to stover på Kjøsnes i Jølster, sperrstove og bu på Sandnes

i Jølster og den automatisk freda Liastova på Befringsstølen i Jølster er ikkje markert som bandlagt med SOSI-kode H730 eller markert med omsynssone H570 rundt.
Motsegna fell bort dersom bygningane vert markert som bandlagde, og med omsynssone H570 rundt kulturmiljøet, i kartgrunnlaget.

Økonomi: Ingen direkte konsekvens for fylkeskommunal økonomi

Klima: Planforslaget søker å ivareta karbonrike areal, men inkluderer fleire område for fritidsbustadar på myrområde, som er store karbonlagre. Kommunen har mål om ein arealbruk som bør vere klima- og arealnøytral. Planforslaget søker å fortette rundt knutepunkt og ivareta karbonrike areal, men opnar likevel for fleire utbyggingsføre mål som ikkje er i tråd med dette.

Folkehelse: Planforslaget har tydelege føresegn om universell utforming, særleg kopla til bustad og bygg for publikum. Kommunen viser imidlertid til byggteknisk forskrift (TEK17) i føresegnene om tilgjengelege bustadar. TEK17 har eit minstekrav til universell utforming, og kommunen kan vurdere å vere meir ambisiøse for å sikre tilgjenge for alle innbyggjarane sine.

Sunnfjord har mange moglegheiter for å drive eit variert friluftsliv, planforslaget tek i stor grad omsyn til desse moglegheitene. Likevel har fylkesdirektøren peika på moment som gjer at omsynet til friluftsliv i enda større grad vert teke i vare.

Utviklingsplan for Vestland: Kommunen har lagt FN sine berekraftsmål til grunn for planarbeidet. Gjennom arealstrategiane og konsekvensutgreiinga søker kommunen å balansere omsyn til bustad- og næringsutvikling, berekraftig utvikling, naturmangfald og friluftsliv.

Konklusjon

Sunnfjord har utarbeidd den første arealdelen til den samanslåtte kommunen. Kommunen har utarbeidd eit omfattande kunnskapsgrunnlag, og gjennomført ein god medverknadsprosess.

Kommunen har mål om at arealbruken bør vere klima- og arealnøytral, men legg samtidig opp til mange nye utbyggingsføre mål som inneber nedbygging av landbruksareal og natur. Planforslaget legg vidare opp til ein stor overkapasitet for bustadar, som er langt over befolkningsframskrivingar for planperioden. Vi rår til ytterlegare vurdering av gjenbruk og transformasjon av nedbygde areal, redusere bustadreserven og planlegge meir i tråd venta vekst og behov.

Planforslaget bryt med retningslinjer i regional plan for klima, regional planføresegn for lokalisering av handel i Sogn og Fjordane og sektoransvaret som vert forvalta gjennom kulturminnelova. Fylkesdirektøren har difor i brev av 10.03.2023 fremja administrativ motsegn til planforslaget.